

## Kvifor tek vi salt eller sand på isete vegar?

Det skal vi finne ut i dette eksperimentet der vi strør salt, sand og ingenting på is. Her er det viktig at du er nøyne med detaljane!

Du treng:

1. 3 skåler
2. 15 isbitar
3. 2 matskeier salt
4. 2 matskeier sand
5. 3 papirlappar
6. Noko å skrive med
7. Noko å ta tida med

I dette eksperimentet er det viktig å vere nøyne med detaljane. Skålene bør vere like, og det bør vere like mykje is i kvar skål. Det einaste som skal vere ulikt, er det vi strør på toppen: sand, salt eller ingenting. Det er viktig at du har kontroll på kva som er i kvar skål, derfor er det lurt å skrive merkelappar til skålene.

1. Lag ein lapp til kvar skål. Skriv sand, salt og kontroll på lappane.
2. Set skålene på rekke. Legg lappen med sand ved den første skåla, salt ved den andre og kontroll ved den tredje.
3. Finn fram salt, sand og isbitar.

### Gjennomfør eksperimentet

1. Legg 5 isbitar i kvar skål.
2. Strø 2 matskeier sand over isbitane i den første skåla.
3. Strø 2 matskeier sala over isbitane i den andre skåla.
4. Kontrollskaala skal ikkje ha noko anna enn is.
5. La skålene stå i 2 minutt. Kva ser du?
6. Kva skjer med temperaturen? Stikk ein finger (eller eit termometer om du har) i midten av kvar skål. Ikke bruk same finger, for då blandar du eksperimenta. Kjenner du nokon forskjell?
7. La skålene stå i ein time.

Observer kva som skjer og prøv å tenkje ut ei forklaring sjølv før du opnar boksane under.

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.